



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Rådhuset, Larsnes

Dato: 18.11.2020
Tid: 09.30 – 12.45

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Elisabeth Kirkholm	Leiar	H
Silje Ekroll Riborg	Nestleiar	Sp
Hilde Iren Sætre	Medlem	H
Torbjørn Rekdal	Medlem	Frp

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn		
Kenneth Rusten	Medlem	TvP

Varamedlemmar som møtte:

Namn		
Kim Skarmyr	Vara	TvP

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor. I sakene 59-63

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Olav Myklebust	Ordførar. 59,
Anders Norvald Hammer	Kommunedirektør. I sakene 57, 58, 59 og 60
Oddbjørn Indregård	Kommunalsjef for plan og utvikling. I sak 57
Kjell Martin Vikene	Teknisk sjef. I sak 58
Asta Sileikiene	Kommuneoverlege. I sak 59.
Einar Ekroll	Varaordførar. Deler av møtet.

SAKLISTE

- SAK 53/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 54/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 55/20 MELDINGAR
- SAK 56/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 57/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – PLAN OG UTVIKLING
- SAK 58/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – TEKNISK
- SAK 59/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØR OG KOMMUNEOVERLEGE – KORONASITUASJONEN I SANDE KOMMUNE
- SAK 60/20 TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2020
- SAK 61/20 SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING
- SAK 62/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024
- SAK 63/20 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
53/20	033	04.11.2020	18.11.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Det var antyda at medlemmer ville kome opp med saker for nærare undersøking i sak 53 om ein ikkje fekk tilfredsstillande svar undervegs i møtet.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Torbjørn Rekdal.

Hilde Sætre varsla at ho kan vere inhabil i sak 59/20, etter avisinnlegg vedkomande juleball i skulesamanheng. Dette vart diskutert og ein ville gjere avstamming før ein tek fatt på saka.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
54/20	049	04.11.2020	18.11.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 21.10.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 21.10.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
55/20	033&17	10.11.2020	18.11.2020	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Årsmelding 2019 Søre Sunnmøre Barnevernssamarbeid.
2. E-post, av 29.10.2020. Informasjon frå Volda kommune om korleis dei jobbar med tilsynsrapporten.
3. Frå nettavisa kommunalrapport, av 26.10.2020. Bernt svarer «Ingen plikt til å foreslå kandidater til kontrollutvalget».
4. Frå bladet kommunal økonomi nr. 8, 2020. «Nye internkontrollregler gjelder fra 1. januar 2021».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
56/20	033&58	04.11.2020	18.11.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside - <https://innsyn.sande-mr.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=51&>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet:	19.05		
Arbeidsgruppe for miljøtiltak i jordbruket:	17.09	29.10	
Arbeidsgruppe forvaltningsplan hjortevilt:	21.09	13.10	
Eldrerådet:	28.09	02.11	
Evalueringsgruppe Skulestruktur:	10.02		
Formannskapet:	06.10		
Helse- og oppvekstutvalet:	30.09	04.11	
Kommunestyret:	08.09	13.10	27.10
Næring-, teknisk- og miljøutvalet:	29.09	04.11	
Råd for likestilling av funksjonshemma:	29.09	03.11	
Ungdomsrådet:	24.08	12.10	
SSR IKS – styret	05.05	26.06	
SSR IKS – representantskapet	14.05		

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
57/20	030&18	06.11.2020	18.11.2020	KS/JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – PLAN OG UTVIKLING

Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef for plan og utvikling til vitende.

I møtet

Kommunalsjef Plan og utvikling Oddbjørn Indregård orienterte og svara på spørsmål.

Stikkord frå orienteringa:

- Historia bak stillinga frå han begynte i kommunen
- Oppgåve plan og næring siste 5 åra
- Kst. rådmann ein del periodar

- Planlegging – store forvaltningar frå statlig og regionalnivå. Berekraft viktig i planlegginga no. Forsvarlig ressursutnytting. Klima særleg i fokus. Skal skape tryggelig for borgarane. Sosial dimensjon. Bra velferdssamfunn. 17 berekraftmål skal svarast på. Sande er bra på å fokusere på berekraft. Infrastruktur som gjer at ein kan bu i heile Sande er viktig. Vassverktutbygginga har vore veldig i fokus. Fiberutbygginga har og vore veldig viktig, 99,5% er no utbygd. Straumforsyning – det er ein del mangel, noko sårbart. Jobbar mot netteigar for å gi sikker og god straumforsyning. Det er ein del dårlege vegar og ferjekaier, ein jobbar med å få forbetring. Behov for kai til ambulansébåten er eit spørsmål. Politisk spørsmål om betongkaier eller stålkaier for ferje. Betongkaier kan også betene ambulansébåten – noko stålkaier ikkje kan. Dette er eit politisk sak. Fylket går for stål kai. I planarbeid skal ein tenkje dei lange linjene. Plansaker skal vedtakast i første del av ny valperiode. Der skal gå fram kva som skal prioriterast. Planstrategi er vedteken. Planprogram for samfunnsplan. Rullering av arealplan avgrensa til byggegrense er under arbeid. Berekraft – FN sine berekraftmål skal ligge til grunn. Møre og Romsdal skal vere berekraftfylke nr 1 er målet. Det får også verknad på kommunane.
- Næringsdelen
Stor aktivitet knyta til næringsfondet og næringsetableringar i kommunen.

Spørsmål frå medlemmane:

- Kva skal ein ha i Sande og kva skal flaggast ut?
Dette vil bli tema i planane framover.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysning

Kommunedirektør v/ Kommunalsjef for plan og utvikling Oddbjørn Indregård er kalla inn for å gi ei orientering om sektor for plan og utvikling, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille til kommunalsjef for plan og utvikling.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
58/20	030&18	06.11.2020	18.11.2020	KS/JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – TEKNISK

Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef for teknisk til vitende.

I møtet

Teknisk sjef Kjell Martin Vikene orienterte og svarta på spørsmål.

Tilsett i Sande kommune i mange år, siste åra Teknisk sjef. Har også i mange år vore politiskar i Sande.

- Teknisk femner om stort område:
- Landbruk. 80% stillingsmasse. 7 mill. forvaltast. Viltforvaltning inngår her. Forvaltningsplanar. Konesjonsbehandling m.m.
- Byggesaker, dispensasjonssaker. Alle saker som krev behandling Reguleringsplanarbeid. Nye planar, dispensasjonar m.m. Rettleiing.
- Kart og oppmåling. Alt digitalt. Må i matrikkelen.
- Drift og vedlikehald av bygg. Samt nybygg. Brøyting, 6-7 brøyterode, gatelys ca. 1000. Avtalar med private. Kyrkjebygg vedlikehald. Teknisk utfører. Slåing av gravstader, utviding av gravsted, graving av graver.
- FTV anlegg. Alt som ikkje er bygg. Vassverk inkl. reneanlegg, kloakk, hamner, kaier, vegar, overvatn. Har fjernstyrt varslingsanlegg som også omfamnar brann og redning.
- Brannvesen dvs. brann og redning. Eige ressursar på øyane. Er fordelt på dei som jobbar på teknisk. Må ha godkjenning.
- Økonomi. Omlag 10,2 mill. i årleg budsjett.
- Investeringar. Har mykje under arbeid. 20-30 prosjekt. Vanskeleg å følgje opp det som er forventningar årleg. Prosjekt blir overført til seinare år.

Totalt 15 stillingar i sektoren. Kun 4% sjukmeldingar.

Stilte spørsmål:

Reguleringshøgd: Er regulert av reguleringsplanen. Bygningsplanen gjeld. Plan for verne av bygningar. Ikkje verneverdige bygningar i kommunen. Oljevernberedskap er interkommunal.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysning

Kommunedirektør v/ Kommunalsjef for teknisk Kjell Martin Vikene er kalla inn for å gi ei orientering om sektor for teknisk, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille til kommunalsjef for teknisk.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
59/20	030&18	10.11.2020	18.11.2020	KS/JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØR OG KOMMUNEOVERLEGE – KORONASITUASJONEN I SANDE KOMMUNE

Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren og kommuneoverlegen til vitende.

I møtet

Det vart teke standpunkt til Hilde Sætre sin habilitet. Det vert vist til at Hilde tok opp dette i byrjinga i møtet. Sekretariatet rådde til at utvalet kjende Hilde inhabil i saka, særleg grunna engasjement og spørsmål som måtte kome opp. Viste til forvaltningslova § 6. 2. andre lekk.

Hilde deltok ikkje i avstemminga. Kontrollutvalet kjende samrøystes Hilde Sætre habil i saka.

Kommuneoverlege orienterte Asta Sileikiene.

Mange testar er gjennomførde. Per dato 2 smitta og nokre i karantene. Mange tiltak er innført også i tillegg til dei nasjonale. Tiltaka og særleg dei lokale har gjort at ein har liten smitte i kommunen.

Bedriftene viser stor innsats for å unngå smitte. Larsnes Mek. vart særleg framheva.

Ho gikk etter orienteringa grunna svært mykje utfordrande arbeid.

Kommunedirektør Anders Norvall Hammer.

Han orienterte om tiltaka som kommunen har gjort i høve til gjeldande lovverk.

Meiner dei gjer det som nødvendig og meiner og kommunen held seg innafor gjeldande føresegner.

Situasjonen kommunen er i, har ført til slitasje både på tilsette og innbyggjarane.

Oppmodar alle om å blir gode rollefigurar. At ein i visse situasjonar kan svare noko feil må ikkje føre til misforståing – det kjem i så fall av slitasje. Kommunedirektøren ber om full forståing.

Kommentarar frå utvalet:

Mykje godord til kommuneoverlegen i samband med tiltak, og vegleing i samband med koronasituasjonen. Hennar måte å takle situasjonen på har ført til lite smitte i kommunen. Ho har gjort ein kjempejobb var stor semje om.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysning

Kommunedirektør Anders Norvall Hammer og kommuneoverlege Asta Sileikiene er kalla inn for å gi ei orientering om koronasituasjonen i Sande kommune, samt svare på spørsmål.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
60/20	212	11.11.2020	18.11.2020	JSa

TERTIALRAPPORT SANDE KOMMUNE 2. TERTIAL 2020

Samrøystes vedtak

- 1 Kontrollutvalet tek formannskapssak 148/20 – Tertialrapport økonomi 2. tertial 2020 til vitende.
- 2 Kontrollutvalet stiller spørsmål ved om budsjettet er realistisk eller om det er manglande styring når prognosane viser til så stort overforbruk.

I møtet

Kommunedirektør Anders Hammer orienterte.

Kommunen forventar å få tilført meir Koronamidlar.

Ein får meir avkastning i fonda enn rekna med.

Situasjonen ser kanskje litt lysare ut no enn då rapporten vart skriven.

Ikkje dekning for å levere i 2021 det ein har kunna i 2020 og tidlegare.
Kontrollutvalet stilte spørsmål ved om kommunen har god styring når prognosane viser stort underskot.

Vedlegg

1. Saksframlegg tertialrapport 2. tertial 2020 datert 02.10.2020 til
 - a) Formannskapet sak 148/20 6.10.2020 og
 - b) Kommunestyret sak 102/20 27.10.2020
2. Tertialrapport økonomi 2. tertial 2020

Saksopplysning:

1. Kommunen har hatt høg aktivitet og svært høgt sjukefråvær i 2. tertial.
2. Kommunaldirektør er bedd om å i verksette kompenserande tiltak for å redusere meirforbruket ved det kommande årsskiftet mest muleg utan at det går ut over lovpålagde oppgåver og nødvendige koronatiltak. Inntektene må aukast og kostnadane reduserast. Drifta må rasjonaliserast. Det er innført tilsettingskontroll.
3. Kommunen er i ein svært krevjande økonomiske situasjon, med inntektsvikt og høgge utgifter pga. covid-19. Kommunen er i ROBEK.
4. Kommunedirektøren forventar no at kommunen kan komme ut med eit **meirforbruk på nær 16 mill. pr. 31.12.2020.**
5. Sektorvise avvik, sjå side 7-9 i vedlegg 2.
6. Vedkommande korona-kostnadar pr. sektor, sjå side 10 i vedlegg 2.
7. **Sjukefråværet var på 11,8%** i 2. tertial inkl. eigenmeldingar, sjå vedlegg 2 side 11. Målet var maks 8 %.
8. Kommunen har hatt ein godkjent profil på gjeldsforvaltninga og likviditeten i perioden.
9. Negativ avkastning pr. 30.04.30 er no snudd til urealisert gevinst på akkseportefølgja.
10. Langsiktig gjeld på kr 293 mill., fordelt på fast og flytande rente, sjå side 4 i vedlegg 2.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
61/20	026	11.11.2020	18.11.2020	JS

SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret registrerer at representantskapet og selskapet sine organ i Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS ikkje har følgt opp alle punkta som kom fram i selskapskontrollen jfr. Kommunestyret sitt vedtak i sak 58/19 Selskapskontroll av SSR IKS.
2. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og setje i verk dei

tiltak som er nødvendige for å tilfredsstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.

Vedlegg

Oppfølgingskontrollen frå revisjonen, datert 26.10.2020.

Saksopplysningar

Vedtak i kommunestyresak 58/19

«1. Kommunestyret tek rapporten frå selskapskontroll (eigarskapskontroll, budsjettstyring, innkjøp - innkjøpsrutinar/innkjøpspraksis og forvaltningsrevisjon), utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitende.

3. Kommunestyret vil peike på at vedtekne rutinar skal følgjast og kommunen sine representantskapsmedlemmer har om eigarrepresentantar eit spesielt ansvar for oppfølginga overfor selskapet.

4. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og set i verk dei tiltak som er nødvendige for å tilfredsstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.

5. Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020. «

Frå kontrollutvalssak 37/20

Frå saksutgreiinga

SSR IKS sende tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet 20.12.2019, jf vedlegg 1. Begge organa tok tilbakemeldinga til vitende. Men kontrollutvalet vedtok i sak 03/20: «Kontrollutvalet tek opp oppfølging av selskapskontrollen av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS når rekneskapen for 2019 ligg føre.»

Vi viser Kommunestyret sitt vedtak i sak 58/19 og vedtaket i kontrollutvalssak 03/20 samt vedlegga i saka. Ut frå det som kjem fram kan det sjå ut til SSR IKS ikkje fullt ut har imøtekomme det kommunestyret gjorde vedtak om i samband med selskapskontrollen. For å få til fullstendig klargjering bør Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, som utførte selskapskontrollen og kjenner godt til detaljane i undersøkinga, få i oppdrag å sjå at selskapet har utført oppfølginga i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Ordføraren bør også utfordrast på om det som var peika på i eigarskapsdelen er/vert følgt opp.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS sjå etter om rekneskapen 2019 for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS gir informasjon om Kommunestyret sitt vedtak i sak 58/19 Selskapskontroll av SSR IKS er følgt opp når det gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.

2. Kontrollutvalet ber ordføraren gi tilbakemelding på oppfølging av eigarskapsdelen i Selskapskontrollen.

Oppfølging av selskapskontrollen frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Jamfør vedtak i kontrollutvalssak 37/20 pkt. 1.

Revisjonen si vurdering

Sjå vedlegget til saka. Kort fortalt kjem dette fram:

Fordelingsnøklar:

Er kvalitetssikra, men ikkje dokumentart av kven

Renter driftskreditt:

Her er det retta opp.

Aktivering av tomter

Delvis korrigert.

Nedgravde løysingar

Det er ikkje teke standpunkt til kven som skal betale for desse.

Ut frå revisjonen sine innhenta opplysningar frå Miljøverndirektoratet skal utbygger/ og ikkje av gebyra. Dette er då feil handtert – ikkje retta. Revisjonen er ikkje kjent med om SSR har undersøkt regelverket nærare. Rep. skapet har slutta seg til revisjonen si tolkning.

Revisjonen meiner at handtering av nedgravde løysingar kan vere feil.

Investering – drift

Investeringskostnader er ført direkte i drifta. Dette var påpeika, men ikkje retta.

Over/underskotsdisponering

Feilhandtering, då tidlegare overskot skulle vore oppløyst i 2019.

Revisjonen si konklusjon

«Vi kan ikkje sjå at alle forhold knytta til selskapskontrollen sin forvaltningsrevisjonsdel er korrigert.

Det forelegg etter vår meining også brot på generasjonsprinsippet mht. 5-års frist for oppløysing av overskot for 2014.

Vurdering

Det er ikkje tilfredsstillande at Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS ikkje rettar seg etter vedtak i kommunestyret (eller alle eigarkommunane sine kommunestyre) på dei tilhøve som Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS har peika på i selskapskontrollen.

Representantskapet/eigarorganet som kommunestyret/a bad følgje opp tilhøva som kom fram i rapporten, burde ha følgd opp kommunestyret/a sitt vedtak.

Når det gjeld pkt. 2 i kontrollutvalet sitt vedtak i sak 34/20 har ein enno ikkje motteke tilbakemelding frå ordføraren.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
62/20	217	11.11.2020	18.11.2020	JS

PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek Plan for eigarskapskontroll slik den ligg føre.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram sak for eigarskapsstyring innan 30.06.2021.

3. Kommunestyret gjev Kontrollutvalet fullmakt til å vedta eigarskapskontrollar innan ramma for utføring.
4. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte eigarskapskontrollar vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører eigarskapskontroll på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
5. Kommunestyret vedtek at denne planen for eigarskapskontroll gjeld inntil ny plan ligg føre.

Vedlegg

1. Plan for eigarskapskontroll
2. Kapittel 8 frå Overordna analyse utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS
3. KS Anbefaling om eierstyring, selskapsledelse og kontroll (Ikkje oppdatert i høve ny kommunelov. Vi ventar på ajourført utgåve frå KS)

Saksopplysningar

Viser til forslag til plan som ligg ved.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
63/20	033	11.11.2020	18.11.2020	JS

SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Det kom ikkje fram noko som var aktuelt å ta opp slik som antyda ved godkjenning av saklista.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Møtet slutt.

ELISABETH KIRKHOLM
Leiar

TORBJØRN REKDAL
Medlem

Utskrift til:

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Kommunedirektør – til orientering.

Ordførar – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.